



Arkivnr: 2017/2709-2  
Saksbehandlar: Jostein Farestveit

Saksframlegg

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.03.2017

## Oppfølging av PS 44/2016 - Fordeling av tilleggsmidler over budsjettpost "HNH statlege overføringer"

### Samandrag

I PS 44/2016 vart fylkesrådmann bedt om å kome attende med ei eiga sak om fordeling av midlar som ikkje var teke med i budsjettet for Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2017. Fylkesrådmannen erfarer at eit partnerskap med fylkeskommunen er viktig for klyngene og næringshagane for å styrke den regionale profilen deira. Det vert difor føreslått å nytte noko av tilleggsmidlane til partnerskapsmidlar.

Fylkesrådmann føreslår vidare å nytte kr 1 mill til oppfølging og konkretisering av regjeringa sin nasjonale havstrategi «Ny vekst- stolt historie». Konkret knytt til å fremme samarbeid mellom klyngene som arbeider mot dei «blå» næringane og utviklings- og inkubasjonsmiljøa som understøttar desse. Her er det etablerte miljøet på Marineholmen sentralt, der mellom anna NCE Seafood Innovation Cluster, NCE Maritime Clean Tech, GCE Subsea, og Bergen Teknologioverføring (BTO) og Nyskapingsparken inkubator no er lokalisert saman.

### Forslag til vedtak/

1. Fylkesutvalet vedtar slik fordeling tilleggsmidlane på budsjettpost «HNH Statlege overføringer»
  - NCE Seafood Innovation Cluster kr 250 000
  - NCE Maritime CleanTech kr 200 000
  - NCE Media kr 200 000
  - GCE Subsea kr 350 000
  - Næringshagen på Voss kr 100 000
  - Næringshagen i Hardanger kr 100 000
  - Næringshagen i Nordhordland kr 100 000
  - Næringshagen i Gulen og Masfjorden kr 50 000
2. Kr 1 mill vert avsett til konkrete prosjekt og tiltak som føl opp og konkretiserer regjeringa sin nasjonale havstrategi «Ny vekst – stolt historie». Prosjekt initiert i grenseflatene mellom dei blå klyngene.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 15.03.2017****Bakgrunn**

Fylkesutvalet handsama i møte 22.03.2017 PS 44/2017 «Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2017» og PS 45/2017 «Partnerskapsmidlar til regionale næringsaktørar».

Til desse sakene fremja Fylkesrådmann eit notat gjeldande midlar som ikkje vart tatt med i budsjettgrunnlaget for Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling 2017. I forhold til gjeldande praksis gjeld dette rentene for Regionale utviklingsmidlar, som for 2016 er kr 1 248 691. I tillegg gjeld det unytta midlar i budsjettet til HNH frå 2016. Desse midlane har tidlegare år vorte lagt til ramma det påfølgjande året. Ved årsavslutninga 2016 utgjorde dette kr 1 103 857. Totalt styrkar dette budsjettet for Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling 2017 med kr 2 352 548.

Fylkesutvalet bad i møte 22.03.2017 fylkesrådmannen å kome tilbake med ei eiga sak om korleis desse midlane bør nyttast.

**Særskilte føringar**

Midlane må nyttast under dei føringane som er gjeldande under «Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler».

Denne seier at midlane i hovudsak:

- Ikkje kan nyttast til drift av organisasjonar, økonomisk garanti, eller drift og investeringar i statlege, fylkeskommunale eller kommunale lovpålagte oppgåver.
- At utviklingsaktørar som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram og Ungt Entreprenørskap kan gjevast støtte i programperioden.

Desse midlane kan slik ikkje styrke aktørar som får partnerskapsmidlar over fylkeskommunen sitt eige budsjett, i dette tilfellet budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar», til dømes Bergen Vitensenter og destinasjonsselskapa i Hordaland.

**Bortfall av partnerskapsavtalar**

I PS 45/2017 «Partnerskapsmidlar til regionale næringsaktørar» fremja fylkesrådmann bortfall av støtte til NCE/GCE klynger og næringshagar.

Grunngjevinga for dette er mellom anna at det er trong for strammare prioritering av verkemidlane, med færre midlar tilgjengeleg til regional utvikling, og ei vurdering av at konkrete utviklingsprosjekt frå partnarane gjev betre resultat for regional næringsutvikling.

Fylkesrådmann erfarer av tilbakemeldingane frå klyngene at eit partnerskap med fylkeskommunen er viktigare for desse aktørane enn først vurdert.

I tillegg til støttebeløpet er det å ha ein partnerskap med fylkeskommunen viktig for å styrke klynga si regionale rolle. Fylkesrådmann vil difor rå til at noko av dei gjeldande midlane vert tatt i bruk til partnerskapsmidlar til desse aktørane, men ikkje på same nivå som for tidlegare år. Eit framlegg til fordeling er gjeve i eigen tabell.

For næringshagane har ikkje fylkeskommunen lenger nokre økonomiske forpliktingar, slik som har vore tilfellet i tidlegare år. Likevel rår fylkesrådmann til å løyve noko midlar til næringshagane, for å ha eit enda betre fundament for eit tett samarbeid framover.

**Fordeling av midlar frå budsjettpost «HNN statlege overføringer» (Støtte i heile 1000 kr)**

Aktør	2016	2017	Kommentar
<b>NCE Seafood</b>	450	250	Einaste samarbeidsaktør innan marin bransje
<b>NCE Media</b>	350	200	MediaCity Bergen opnar 2017
<b>NCE Maritime CleanTech</b>	350	200	
<b>GCE Subsea</b>	550	350	
<b>Næringshagen på Voss</b>	300	100	
<b>Næringshagen i Hardanger</b>	300	100	
<b>Næringshagen i Nordhordland</b>	300	100	
<b>Næringshagen i Gulen og Masfjorden</b>	150	50	Delt mellom Sogn og Fjordane og Hordaland
<b>Totalt</b>	<b>2 750</b>	<b>1 350</b>	

Fylkesrådmann har ikkje tatt med dei tre inkubatorane i fylket i denne fordelinga, sjølv om desse har fått redusert støtta si noko for 2017. I PS 45/2016 vedtok Fylkesutvalet å støtte kvar einskild inkubator med kr 683 000 i 2017, over budsjettpost «HNN statlege overføringer».

Dei tre inkubatorane, Nyskapingsparken Inkubator, Atheno og Industriutvikling vest, vil verte oppmoda til å søkje om prosjektfinansiering frå Hordaland fylkeskommune.

**Felles satsing innan Havrommet**

Dei resterande midlane, på kr 1 mill, vil fylkesrådmann nytte til felles søknadsbaserte prosjekt mellom dei blå klyngene. På Marineholmen er mellom anna NCE Seafood Innovation Cluster, NCE Maritime Clean Tech, GCE Subsea, og Nyskapingsparken inkubator lokalisert saman.

Nyleg opna dette miljøet mellom anna Ocean Industries Accelerator (OIA), som samlar selskap, spanande prosjekt, erfarne mentorar og kompetente investorar for å medverke til vekst, innovasjon og skalering innan havnæringa.

Miljøet er eit økosystem for innovasjon, entreprenørskap og næringsutvikling av høg kvalitet, og fylkesrådmann ønskjer utfordre dette samspelet av aktørar, inn mot den nyleg framlagte havstrategien til regjeringa «Ny vekst – stolt historie».

Aktørane vil sjølv kunne definere aktuelle prosjekt, men det vil vere eit krav om at flest mogleg av aktørane er med.

Dette sikrar ei noko meir offensiv satsing i partnerskap, utover reine midlar til drift i klyngene, og er i samsvar med fylkesrådmann si innstilling i PS 45/2016.